

Bussreglar for Lye ungdomsskule

Kvifor bussreglar:

Det er mange elevar ved Lye ungdomsskule som nyttar skuleskyss. Alle elevane som tek bussen skal ha det trygt og godt på bussen. I tillegg er dette arbeidsplassen til bussjåførane og dei har og krav på ein trygg og god arbeidsplass. Dei som tek skulebussen bidreg til eit godt miljø ved å følgja desse reglane.



- Du står stille og venter til bussen har stoppa heilt opp og opna dørene før du går roleg inn på bussen.
- Still deg fint i kø, og vent til det er din tur.
- Når du har funne ditt sete, blir du sitjande til bussen har stoppa der du skal av. Du sit sjølvstøtt rett veg og med setebeltet på slik det er påbodet i trafikkreglane.
- Stoppknappen skal brukast for å gje signal om at ein skal av.
- Ranselen din har du på fanget eller framføre føtene dine.
- Hugs at bussjåføren skal ha ro under køyringa. Det er derfor viktig at du er roleg under køyreturen, og at du sit i køyreretninga.
- Ikkje reis deg opp i bussen før den har stoppa på haldeplassen.
- Du skal oppføra deg fint mot dei andre på bussen.

Dei vanlege ordens- og åtferd reglane gjeld på heile skulevegen. Det betyr at du har ikkje lov å plaga andre, eller ta med deg ting inn på bussen som du ikkje elles hadde teke med deg inn i klasserommet eller stova heime. Du kastar sjølvstøtt ikkje ting som til dømes sekker eller mat rundt i bussen.

Reaksjonar

Dersom bussjåføren eller andre rapporterer at du bryt ein eller fleire av desse reglane, må me reagere. Dei mest aktuelle reaksjonane er:

1. Tilsnakk frå vaksne.
2. Skulen tek kontakt med heimen.
3. Erstatning.
4. Inndraging.
5. Visast vekk frå bussen av bussjåføren.
6. Utvising. For grove og gjentekne brot på ordensreglane eller på vanlege reglar for orden og framferd, kan du visast bort frå skulebussen i inntil 3 dagar. Rektor tek endeleg avgjerd om utvising i samråd med lærarane dine og busselskapet.
7. Nedsett karakter i orden og/eller åtferd.

Før me set i verk disiplinære tiltak, har du alltid høve til å uttala deg. Kontaktlærar og foreldre/føresette kan verta samde om andre disiplinære tiltak enn dei som her er nemnde.